


Tilrettelagt for tilrettelegging?

Lærarar sitt syn på informasjon om tilrettelegging i vidaregåande opplæring.



Oppsummering av rapporten

RAPPORTEN er tufta på samtalar med ti lærarar i vidaregåande skule om temaet «Informasjon om tilretteleggingsbehov». Lærarane vart spurt om kva som var deira kjelder til informasjon om elevar sine tilretteleggingsbehov, korleis dei vurderte denne informasjonen, og korleis tilrettelegginga var i praksis.

RAPPORTEN VISER MELLOM ANNA AT:

Lærarar er engasjerte i sine elevar og ønskjer informasjon. 9 av 10 lærarar som vart intervjuet vil ha mest mogeleg informasjon, og mange meiner dette er sentralt for å kunna tilrettelegge på ein god måte for eleven. Rapporten viser lærarar som er engasjerte i sine elevar og har eit ønske om å tilrettelegge slik at elevar lukkast i vidaregåande opplæring.

Lærarar får informasjon som ikkje stemmer. «Mappa» ein elev kjem til vidaregåande med er ikkje nødvendigvis heile sanninga. Fleire av lærarane som vart intervjuet opplever at informasjon ikkje alltid stemmer. Nokre treng meir tilrettelegging enn det vart opplyst om på førehand, andre treng mykje mindre. Dette gjer at fleire av lærarane me intervjuet opplevde å måtte vurdere tilretteleggingsbehova på nytt når eleven starta på skulen.

Føresette er avgjerande for god tilrettelegging. Føresette ser ut til å ha ei sentral rolle når det gjeld informasjon om tilretteleggingsbehov og diagnose. I tillegg ser det ut til at dei er ein sterk pådrivar undervegs i utdanningsforløpet. Nokre lærarar skildrar deira rolle som avgjerande for vellukka tilrettelegging.

Rådgjevarar spelar ei sentral rolle i informasjon og tilrettelegging. Rådgjevar er ei viktig informasjonskjelde og ein sentral støttespelar for lærarar når det gjeld tilrettelegging. Rådgjevar er gjerne den som informerer kontaktlærar om at det kjem elevar som har behov for tilrettelegging. Mange av lærarane me intervjuet uttrykkjer imidlertid at rådgjevarane har stor arbeidsbelastning.

Mykje tid blir brukt til byråkrati. Mykje av lærarane si tid går med til møter og rapportar for å innfri formelle krav som er pålagt dei. Utan at dei nødvendigvis ser på det som spesielt nyttig.

Mangel på god kommunikasjon mellom skule, PPT og helsevesenet. Enkelte lærarar som vart intervjuet skildrar at PPT stundom brukar eit språk ikkje alle lærarar er kjende med. I tillegg blir det stundom skissert retningslinjer for tilrettelegging som lærarar ikkje opplever som gjennomførlege i praksis.

Elevar ønskjer ikkje fokus på sine tilretteleggingsbehov. Fleire lærarar framhevar at elevane er opptekne av å vera normale og ikkje ønskjer å skilja seg ut. Enkelte kjem og med døme på at elevar ikkje ønskjer tilrettelegginga dei har krav på.

Direkte informasjonsoverføring. Fleire lærarar framhevar at dei ønskjer å få informasjon om tilrettelegging frå dei som veit mest om tilretteleggingsbehova. Dei føretrekk dette framfor at informasjonen skal gå gjennom fleire ledd før han når læraren, då fleire har røynsler med at informasjon gjerne går tapt og kan bli tolka feil dersom dette er gangen i det.

TILRÅDINGAR PÅ BAKGRUNN AV RAPPORTEN

Rådgjevar som tilretteleggingskoordinator. Det bør sikrast ressursar til at rådgjevar kan setja seg inn i rettar og mogelegheiter den enkelte elev har, samt syte for at tilrettelegging blir implementert og fylgt opp. Dette kan sikrast gjennom ei auking av midlar til rådgjevarstillingar, som kan sikre meir tid til oppfølging av tilrettelegging. I tillegg tilrår Unge funksjonshemmede at alle rådgjevarar må få tilstrekkeleg utdanning til å handtere dei ulike problemstillingane dei møter.

Rådgjevar treng meir tid til kvar elev. Lærarane skildrar at kvar rådgjevar har ansvar for mange elevar, og at det blir lite tid til kvar enkelt elev. Det bør vera retningslinjer på kor mykje tid rådgjevar skal ha på ein elev, slik at det blir betre tid til å ivareta tilretteleggingsbehova.

Rapportering av tilrettelegging. Rådgjevar kan koma med forslag til tilrettelegging som skulen kan velja å avslå. Det er ikkje akseptabelt at skular kan avslå tilrettelegging som fagpersonar tilrår. Det tilrådest at skular, på linje med store arbeidsgjevarar, må rapportera kva dei gjer for tilrettelegging.

Koordinering mellom individuell plan og individuell opplæringsplan (IOP). Rapporten viser at det ikkje er stor grad av samarbeid mellom helsesektor og skulesektor på tilretteleggingsfeltet. Ein måte å sikre betre koordinering på er å krevja at IOP skal inngå i ein individuell plan dersom ein slik plan eksisterer. Då vil alle dei ulike aktørane samhandle for å sikre at den individuelle elev får god tilrettelegging.

Utreiing og tilrettelegging på yrkesfag. Rapporten viser at det er særskilde utfordringar i samband med å tilrettelegge på yrkesfag. Det manglar kompetanse på kva tiltak som bør setjast i verk. Unge funksjonshemmede meiner ein bør ha fortlaupande kartlegging på yrkesfag med målsetjing om å få på plass naudsynt tilrettelegging. På denne måten kan kompetanse og eventuelt utstyr bli direkte overført til ein lærlingplass. Vidare bør det vera ein garanti for at alle verksemder som tek inn lærlingar med behov for tilrettelegging, får dekkja alle kostnader i samband med dette.

**«Det er gøy å jobbe i skolene. Det er gøy å jobbe med elevene.
Men systemene er ofte forferdelig slitsomme da.»**

(Sitat, lærar)

Innhald

OPPSUMMERING AV RAPPORTEN.....	s. 2
FØREMÅL OG METODE.....	s. 6
Bakgrunn for prosjektet.....	s. 6
Føremålet med prosjektet.....	s. 6
Metode	s. 6
Utval	s. 6
ULIKE TYPAR TILRETTELEGGING	s. 8
OVERBLIKK OVER EKSISTERANDE INFORMASJONSKJELDER.....	s. 9
Føresette	s. 9
Rådgjevarar.....	s. 9
Skulen møter eleven og føresette før skulestart.....	s. 10
Informasjonsmøte for alle lærarar	s. 11
Klasselærarråd/ klasseteammøte	s. 11
Eleven sjølv	s. 11
Helsesektor	s. 12
VIKTIGE ASPEKT VED INFORMASJONSGJEVING	s. 13
Ønske om konkret informasjon	s. 13
Unngå mange ledd i informasjonsoverføring.....	s. 13
Tid brukt til byråkrati.....	s. 14
Kommunikasjonsproblem mellom PPT, helseteneste og skule.....	s. 14
Informasjon om tilretteleggingsbehov som ikkje stemmer.....	s. 15
LÆRARANE SINE HALDNINGAR.....	s. 16
Lærarar ønskjer informasjon om tilretteleggingsbehov	s. 16
Haldning til elevar med fysisk funksjonshemning.....	s. 16
Haldningar til elevar med ei usynleg funksjonshemning.....	s. 17

TILRETTELEGGING I PRAKSIS.....	s. 18
Tilrettelegge for - Ikkje degge for!	s. 18
Store klassar kan gjera tilrettelegginga vanskeleg	s. 18
GOD TILRETTELEGGING I PRAKSIS	s. 20
Ønsket om ikkje å skilja seg ut	s. 20
Lærar som informasjonsskjelde for eleven	s. 20
Fysisk tilrettelegging er ikkje det same som praktisk tilrettelegging ...	s. 20
OPPSUMMERING	s. 22
Er det tilrettelagt for å tilrettelegge?	s. 22
Unge funksjonshemmede tilrår	s. 23



Tusen takk til alle lærarane som delte sine erfaringar med meg. De viste ein openheit og eit engasjement som gjorde inntrykk på meg, og fortener all ære for å ha bidrege til at denne rapporten vart til.

Tusen takk til Utdanningsdirektoratet som finansierte prosjektet.

Rapporten er utarbeida for Unge funksjonshemmede ved Maren Rognaldsen hausten 2011.
Layout: Thomas Sørliie Hansen.
Trykk: Copyco. Opplag: 200 eksemplar.

Føremål og metode

BAKGRUNN FOR PROSJEKTET

Våren 2011 lanserte me i Unge funksjonshemmede rapporten *Kampen for tilrettelegging - En kartlegging av vanlige utfordringer for funksjonshemmede i videregående opplæring*¹. Rapporten viste at fleire funksjonshemma elevvar i vidaregåande opplæring uttrykkjer at lærarar ikkje ser ut til å ha nok informasjon om tilretteleggingsbehov dei har. Fleire opplevde at skulen visste for lite, og at dei stadig måtte gjenta informasjon om funksjonshemming og tilretteleggingsbehov. Dette var bakgrunnen for prosjektet som danner utgangspunktet for denne rapporten.

FØREMÅLET MED PROSJEKTET

Føremålet med prosjektet var å finna ut korleis lærarar får informasjon om elevvar sine tilretteleggingsbehov. Kven fortel læraren at han får ein elev med ei funksjonshemming, kva får læraren vita, og korleis vurderer læraren denne informasjonen? Dette var blant spørsmåla me ynskte oss svara på. Prosjektet hadde ei ramme på 3 månadar og vart finansiert med midlar frå Utdanningsdirektoratet.

METODE

For å finna ut meir om temaet vart ei intervjuundersøking utført av oss i Unge funksjonshemmede hausten 2011. Me intervjuar ti ulike lærarar om temaet «Informasjon om tilretteleggingsbehov.» Lærarane vart rekruttert ved å velja ut fem skular, og senda ein e-post til alle lærarane ved denne skulen med intervjuforespørsel. Det vart brukt eit utval av skular som gav variasjonar i geografi og elevtal, men i utvalet måtte det takast ein del omsyn til tilgjenge, tid og økonomi. Få lærarar svara på e-posten, men sidan e-posten vart sendt til svært mange var det likevel enkelt å få ti informantar.


Intervjua vart gjennomført med ein intervjuguide utarbeidd for dette føremålet, på bakgrunn av tidlegare undersøkingar på temaet. Invitasjonsbrevet og intervjuguiden kan eventuelt interesserte få ved å henvende seg til Unge funksjonshemmede.

UTVAL

Seks menn og fire kvinner vart intervjuar. Av desse var seks tilsette ved tre ulike skular i Oslo, ein i Sogn og Fjordane, ein i Akershus og to ved ein skule i Vestfold. Sju av lærarane var kontaktlærarar, medan tre ikkje var det. Det vart i tillegg til intervjuar med lærarane gjort ein kort samtale med ein rådgjevar i samband med det eine intervjuet.

Den minste skulen som vart intervjuar hadde om lag 150 elevvar, medan den største hadde om lag 1300 elevvar. Det var ein nokså stor breidde i utvalet når det gjaldt fag informatane var lærarar i. Dei fleste var lærarar i yrkesfag, men dette innebar ikkje at dei berre underviste i praktiske fag. Dei aller fleste som vart intervjuar underviste og i fellesfag, altså fag med vanleg klasseromsundervisning. Fleire underviste og på ulike studieretningar. Nokre av lærarane var hovudsakleg lærarar for elevvar med særskilde behov, eller støttelærar for elevvar med særskilde tilretteleggingsbehov.

Mange av lærarane som vart intervjuar verka spesielt engasjerte i temaet, og kanskje var det òg nettopp derfor dei melde seg frivillige til å bli intervjuar. Dei hadde tenkt mykje rundt temaet, og dei hadde dermed erfaringar og meiningar som dette prosjektet søkte etter. Imidlertid er det viktig å hugsa på at deira spesielle engasjement i temaet kan medføra at dei ikkje nødvendigvis er representative for den generelle populasjonen av lærarar i vidaregåande skule.




¹ Kan lastast ned via våre nettsider på denne adressa:

<http://www.ungefunksjonshemmede.no/media/filer/dokument-og-notat/rapportomfrfall>.

Ulike typar tilrettelegging

DET VAR eit nokså stort spekter av funksjonshemmingar lærarane hadde erfaringar med. Det som oftast vart trekt fram var lærevanskar og ulike vanskar innan åtferdsspekteret, til dømes ADHD. Andre grupper som vart trekt fram var rullestolbrukarar, elevar med psykiske lidningar, elevar med kraftig migrene, elevar med alvorleg psykisk lidning, hjarteskjukdom, nedsett høyrsel/ døvhøyrt, elevar med kreftdiagnose og dysleksi.

Alle desse gruppene kan trenge tilrettelegging, men det gjerne vil vera eit skilje her. Nokre treng i hovudsak tilrettelegging av fysisk art, som til dømes heis og rullestoltilkomst. Andre treng tilrettelegging av meir pedagogisk art, som til dømes eit spesielt tilrettelagt undervisningsopplegg ved lærevanskar. Eit viktig skilje her vil òg vera det faktum at for den gruppa som treng praktisk tilrettelegging vil det gjerne vera lettare for eleven sjølv å gjera greie for sine behov enn det vil vera for dei som treng pedagogisk tilrettelegging. For å seia det enkelt: Det er gjerne lettare for ein rullestolbrukar på 16 å få formidla at han må ha ein rampe, enn det er for ein 16-åring med lærevanskar å formidla kva tilrettelegginga i ei pedagogisk tilrettelagt undervisning skal vera. Dette er viktig å ha med seg når ein ser på ulike informasjonskjelder for lærarane. Kva dei sentrale informasjonskjeldene er, vil sannsynlegvis variera med kva som er tilretteleggingsbehovet og i kva grad eleven sjølv kan gjera greie for dette behovet.



Overblikk over eksisterande informasjonskjelder

LÆRARANE vart spurt om kvar som var deira kjelder til informasjon om elevar sine tilretteleggingsbehov. Under følgjer ei oversikt over dei viktigaste kjeldene til informasjon for lærarane som vart intervjuet.

FØRESETTE

Foreldre vart gjennomgåande framheva som ei svært viktig informasjonskjelde for å finna ut kva tilrettelegging eleven trengde. Det positive ved dette kan vera at det blir gjeven rett og oppdatert informasjon om eleven tufta på synet til dei som står eleven nærast, og det er lett å sjå at eit slikt personleg møte med foreldre gjev ein lærar meir informasjon enn det han opplever å få i ein PPT-rapport. Imidlertid er det viktig å hugsa på at historia om ein elev gjerne vil variera med kven som fortel historia. Ein lærar frå ungdomsskolen kan ha ein versjon, eleven sjølv ein annan, og foreldra ein tredje. Korleis skal ein lærar forholde seg til det? Ein lærar skildrar det slik: **«Hvis du da for eksempel hører på det som læreren [fra ungdomsskolen] sier, så hører du på det foreldrene sier, og så har du også en samtale med eleven. Og når du får høre deres tre forskjellige versjoner av hvordan skolehverdagen har vært på ungdomsskolen, så danner man seg et bilde – av noe som ikke ligner helt på det læreren sier, som ikke ligner helt på det foreldrene sier, og som ikke ligner helt på det eleven sier. Men et eller annet sted innenfor det trianget, der befinner sannheten seg.»**

Ein lærar seier at dersom det ikkje skjer ei utvikling med eleven, sjølv om det er sett inn ekstraresursar, så vil foreldre gjerne masa. Dersom foreldra ikkje masar, kan det henda at eleven går i fleire år utan å læra noko. Mange av lærarane eg intervjuet, då spesielt der det dreiar seg om lærevanskar og ADHD, seier dei er heilt avhengige av foreldra som samarbeidspartnarar. Ulempa med den heilt sentrale rolla foreldre får, kan vera at dersom dei ikkje har ressursar til å følgja opp barnet sitt i stor grad, så kan dette føra til dårlegare skulekvardag og prestasjonar for eleven. Dette vil sannsynlegvis vera spesielt gjeldande i tilfelle der elevar ikkje sjølv er i stand til å formidla sine tilretteleggingsbehov. Diverre er det eit faktum at i mange tilfelle er ikkje ressursane på heimebana til stades. Det finst foreldre som ikkje vil stilla opp til dømes, slik ein lærar skildrar. Han uttrykkjer at det då blir svært vanskeleg, dei er rett og slett avhengig av foreldre som støttespelarar. Same lærar poengterer og at nokre foreldre gjerne slit med same vanskar som borna sine, til dømes når det dreiar seg om lærevanskar. Når dette skjer, kan det henda ein mistar foreldre som informasjonskjelde og pådrivar. Lærarane uttrykkjer då stor semje om at kåra for eleven blir vanskelegare som konsekvens av dette.

Foreldra er altså heilt essensielle i informasjonsgjevinga, noko som og er i tråd med resultat i vår tidlegare rapport om utfordringar for funksjonshemma i vidaregåande opplæring.²

RÅDGJEVARAR

Det er heilt klart at rådgjevarar har ei sentral rolle når det gjeld informasjon om funksjonshemming og tilrettelegging. Systemet ser ut til å vera slik at kontaktlærar får opplyst hjå rådgjevarar om tilretteleggingsbehov hjå elevar læraren skal ha. Då det er rådgjevarar som gjerne har motteke papira som seier at eleven treng tilrettelegging. Det er så kontaktlærar si oppgåve å formidla dette vidare til andre faglærarar som skal vera ein del av eleven sin kvardag.

² Kan lastast ned via våre nettsider på denne adressa:

<http://www.ungefunksjonshemmede.no/media/filer/dokument-og-notat/rapportomfracfall>.

Rutinane rundt vidareformidling kan imidlertid variera. Ein lærar skildrar at: **«Men så har det vært til dels elendig kommunikasjon. Ofte har ikke lærerne klart å få med seg at den og den trenger litt spesielt [i undervisningssituasjonen].»**

Ein annan lærar skildrar denne informasjonsflyten på følgjande måte: **«Det er ingen rutiner her, men det er god informasjonsflyt. Men det er litt tilfeldig og opp til den enkelte lærer. Men rådgiveren er på, så hun gjør en kjempejobb. Jeg tror at nå bør vi systematisere bedre, for det er ikke noe sånt voldsomt system på det. Rådgiver sier fra til faglærer eller kontaktlærer. Det oppleves noe tilfeldig. Det er ikke tilfeldig. Men det burde kanskje vært et bestemt forum for det.»**

Rådgjevar har altså ei sentral rolle i informasjonsgjevinga. Dette er bere ei av mange arbeidsoppgåver ein rådgjevar har. Intervjua gjev informasjon om at arbeidsbelastninga på ein rådgjevar gjerne er stor. Ein av lærarane eg intervjuar hadde slutta i sin jobb som rådgjevar, og framheva at det var enkelte delar av jobben som var vanskeleg. Mellom anna det at ein berre kan rådgje kring tilrettelegging, men ikkje kan krevja tilrettelegginga gjennomført. Skulen kan dermed seia nei til råd frå rådgjevar grunna manglande økonomiske ressursar til gjennomføring. Eit anna aspekt som kan gjera jobben som rådgjevar utfordrande er at ein gjerne har ansvaret for mange elevar, og resultatet blir lite tid til kvar elev. Læraren som sjølv har mange års erfaring som rådgjevar seier at: **«Jeg tror at hvis man jobbet 100 % som rådgiver, ville man fremdeles ikke bli ferdig.»**

Han skildrar vidare at rådgjevar ved skulen der han arbeidar har om lag 14 timar i veka på 140 elevar. Då seier det seg sjølv at det blir mykje arbeid. Ein lærar meiner det burde ha vore formalisert kor mange elevar ein rådgjevar kan ha ansvaret for, for å sikra at han har betre tid på kvar elev.

Oppsummert kan ein seia at rådgjevar er ei uvurderleg informasjonskjelde for mange av lærarane som vart intervjuar. Ein lærar framhevar og at rådgjevar er den som er på eleven si side, i ein skuleadministrasjon som kanskje er meir oppteken av å oppfylla formelle krav enn den faktiske kvaliteten i tilrettelegginga.

SKULEN MØTER ELEVEN OG FØRESETTE FØR SKULESTART

Fleire av skulane har møte med føresette og eleven i forkant dersom det er tilretteleggingsbehov skulen skal ta omsyn til.

Nokre av skulane som lærarane jobba ved, spesielt dei med eigne klassar for elevar med tilretteleggingsbehov, har såkalla overføringsmøte. Dette er eit møte mellom ungdomsskulen eleven har gått på, og den vidaregåande skulen eleven skal til. Tanken er her at det skal skje ein direkte overføring av informasjon frå ein skule til ein annan. Her vil gjerne rådgjevar frå ungdomsskulen vera til stades, rådgjevar frå vidaregåande, samt føresette. Nokre gonger er òg kontaktlærer til stades, men ikkje alltid, då dette møtet gjerne skjer ei stund før skulestart. Før det er klart kva kontaktlærer eleven skal ha. Ein av lærarane som tidlegare har jobba som rådgjevar, seier at eit poeng med møtet og er å sjå kva behov eleven har og så ut frå dette finna ein høveleg lærar. Han meiner ikkje alle er like flinke med tilrettelegging. Dei må derfor ta medvitne val her. Det er imidlertid ikkje alltid slik at alle som skal vera til stades på slike møte har mogelegheit til det, skisserar ein lærar. Nokre gonger kan det og henda at det ikkje er mogeleg å få til eit slikt møte, og alt skulen får i forkant er eit papir om eleven. Utgangspunktet vil gjerne vera mykje dårlegare dersom dette er tilfellet.

INFORMASJONSMØTE FOR ALLE LÆRARAR

Det er fleire lærarar som fortel om eit større informasjonsmøte før eller kort tid etter skulestart. Her blir det opplyst om elevar med tilretteleggingsbehov som kjem til skulen. Kven som er informasjonskjelda her kjem diverre ikkje tydeleg fram i intervjua, men ein lærar seier det er kontaktlærer og rådgjevar som er i spissen for dette møtet. Informasjonsmøtet er viktig, men det blir og peika på at det er mykje informasjon å ta inn samstundes. Det kan og lett skje at ein ikkje er klar over at ein skal ha den og den eleven og då ikkje heilt får meg seg informasjon om ein elev ein skal ha. Ein lærar uttrykkjer at det er bra med dette møtet, men at ho undrar seg over om alle treng å vita alt. Som døme dreg ho fram at ein mattelærer kanskje ikkje treng å vita om ein elev sine rettskrivingsproblem.

Ein lærar uttrykkjer at han ikkje likar denne måten å få informasjon på. Han seier han stiller seg svært tvilande til nytten av møtet. **«Det var de tre dagene før skulestart. Da er alle lærerne samlet. For øvrig noe jeg ikke liker så veldig bra. Så kommer rådgiver inn og orienterer at det kommer en del elever som det er noen papirer på. Og det synes jeg generelt ikke er så veldig.. det stigmatiserer elevene på forhånd. Og det er ikke nødvendig. Vi må møte elevene med åpent sinn. Uten å ha stempla dem. (...) det er ikke så veldig grundig. Mest litt sånn for å skremme meg, synes jeg. Så lenge vi ikke har noen tiltak på det. Hva er da vitsen med å si det? Vi har ingen erfaring med konstruktive tiltak systematisk. Det synes jeg er litt rart da.»**

Ein annan understrekar at han ser poenget til læraren over, men meiner informasjon er essensielt for å kunna gje eit godt tilrettelagt tilbod. Dette har han med seg det store fleirtalet av lærarar i.

Oppsummert kan ein altså seia at rådgjevar, møter med elev og føresette, samt eit større informasjonsmøte er dei sentrale informasjonskjeldene før skulestart.

KLASSELÆRARRÅD / KLASSETEAMMØTE

Etter skulestart held informasjonsflyten fram gjennom jamlege klasselærarråd. Dette er faste møte der alle lærarane som har eit klassetrinn samlast for å snakka saman om dei ulike elevane og eventuelle utfordringar rundt elevane. Dette kan dreia seg om alt frå tilrettelegging, til nokon som har merka seg at ein elev har svært høgt fråvær. Dette er ein god måte å få dialog rundt elevane på, men eit problem kan vera at det gjerne blir mange slike møte dersom ein er lærar for mange ulike klassar. Ein lærar uttrykkjer at lærarane nærast må springa frå møterom til møterom. Han skildrar dette slik: **«Ja, men nå har vi fått til i år at alle klasselærarråd skal settes på årshjulet, slik at.. de som underviser har over 100 elever. Det er veldig mye å holde styr på. Slik at det ikke kolliderer. Ofte har flere lærere klasseråd samtidig. Så må de fly fra det ene rommet til det andre. Og det blir bare tull. Der er vi nok på rett kjøl nå. Tror jeg.»**

Ein lærar skildrar at i desse møta kan ein og bestemma eventuelle tiltak som kan gjerast for elevane, og kven som skal følgja dei opp.

ELEVEN SJØLV

Ein del av elevane som lærarane omtalar i intervjua er elevar med vanskar som kan gjera det vanskeleg for dei sjølve å kunne sjå og formidla tilretteleggingsbehova dei har (som skildra i avsnittet «ulike typar tilrettelegging»). Rundt desse elevane vil det gjerne vera eit nettverk

som syt for at eleven får den tilrettelegginga han har krav på, og frontar dette behovet. Foreldre er essensielle her. For ein elev som berre treng noko praktisk tilrettelegging kan det henda at denne informasjonen ikkje er noko lærar i så stor grad hamnar borti. Dette kan vera ein grunn til at desse elevane får mindre fokus i intervjuet som her er gjort, og at dei i mindre grad blir framheva som informasjonskjelder.

Mange framhevar likevel at dialog med eleven er essensielt for å kunne tilrettelegge godt undervegs i skulekvardagen. Ein lærar fortel og om tilfelle der elevar har heldt foredrag for klassa og lærar om sin diagnose, og at dette var noko alle opplevde som positivt. Den same læraren fortel at ho meiner det er viktig at elevane sjølve tek ansvar og fortel om sine tilretteleggingsbehov, sidan dette er vidaregåande og ein då er ansvarleg for seg sjølv i mykje større grad enn i grunnskulen. Dette kan vera eit viktig fokus til dømes om eleven skal vidare ut i eit studentliv i høgare utdanning. Her vil personen gjerne i enno større grad bli ansvarleg for at tilrettelegginga han treng blir gjennomført, og diverre kanskje oppleva sviktande tilrettelegging som han må ta tak i. Ei viss trening i dette frå vidaregåande, dersom eleven har ressursane til det, kan dermed vera heldig. Spesielt med tanke på at funksjonshemma ofte blir sjølvstendige seinare i livet enn andre³, så er det kanskje viktig at skulen er med på å fremja denne utviklinga.

HELSESEKTOR

Helsesektor er i mindre grad inne i tilrettelegging og rådgjeving slik det blir framstilt i desse intervjuet. Legar, psykologar og andre fagpersonar (bortsett frå PPT og helsesyster) blir i liten grad nemnt. På spørsmål om kven dei kontaktar dersom dei lurar på noko rundt tilrettelegging, refererer alle lærarane til kollegaar ved same skule.

Når helsepersonell blir nemnt, er dette imidlertid i stor grad i positive ordlag. Eit par lærarar uttrykkjer til dømes at dei har hatt stor glede av kurs om ulike diagnosar heldt av helsepersonell. Ein lærar seier at: **«Det at en lærer må på kurs på Frambu for å lære seg om ting og tang, det er noe vi bare må gjøre. For å få den ekspertisen. Sånne ting får vi ikke fra skolen.(...) Vi er veldig mye ute på kurs. Det er noe vi bare må. Hvis vi skal skjønne i det hele tatt hva vi snakker om.»**

Den same læraren skildrar og korleis han på eige initiativ er medlem av mange ulike foreiningar for å få kurstilbod, og korleis han ønskjer å vidareformidla kunnskapen til andre lærarar: **«Har noen migrene for eksempel. Jeg kan ikke noe om migrene, hva er det for noe tull. Er det en dårlig unnskyldning? Jeg er medlem av all verdens ting da [for å få tilgang til informasjon]. På eget initiativ. Og da er det viktig at jeg ikke sitter på min tue fordi jeg har vært der, men at jeg informerer. I alle fall de som trenger det. At de får informasjon. Og de får vite om alt. Men det er ikke alltid like vellykket. Det er litt sånn pest og plage og høre om alt.»**

Ein lærar fortel om eit tilfelle der fysioterapeuten til ein elev var innom og orienterte lærarane om eleven sin diagnose. Dette opplevde ho som positivt. Dersom ho som lærar lurte på noko om eleven seinare, opplevde ho at det ville ha vore lettare å søka råd utanfor skulen når ho visste at ho kunne kontakta denne fysioterapeuten. Ho meinte òg det var noko tryggande i at personen som orienterte om funksjonshemminga kjende eleven godt. I staden for at ein rådgjevar/pedagog som kanskje berre har hatt ein times samtale med eleven skulle orientera andre lærarar.

³Grue, L. (2001). *Motstand og mestring: Om funksjonshemming og livsvilkår*. NOVA-rapport 1/01.

Viktige aspekt ved informasjonsgjeving

ØNSKE OM KONKRET INFORMASJON

Det sentrale er informasjon om kva problemet er og korleis ein kan tilrettelegge i praksis. Nokre av lærarane poengterer og at dei derfor ønskjer informasjon frå førre skule om kva dei gjorde, slik at dei kan halda fram med tilrettelegging som har fungert tidlegare. Det er liten vits i å trø opp ein ny sti, dersom den gamle har fungert godt.

Det vil ofte vera slik at ein diagnose gjerne er heldig når det gjeld å utløyse ressursar og rettar. Likevel er det viktig å hugsa på at informasjon om kva diagnose ein elev har ikkje er tilstrekkeleg. Til dømes seier ein lærar at det gjerne er slik at to som har same diagnose gjerne har heilt ulike behov. Eit døme kan vera asperger syndrom, som fleire av lærarane har hatt elevar med. Nokre av desse elevane har klart seg fint i ein vanleg klasse, medan andre har trengt spesielt tilrettelagt klasse.

Stikkordet for informasjonen kan vera at den bør ha forma: *«Denne diagnosen inneber at..»* Eit enkelt døme skissert av ein lærar kan illustrera det viktige ved å vita meir enn berre ein diagnose. **«Person X har kraftig allergi. Ja, og så, det sier ikke så mye det egentlig. Men hva er han allergisk mot?»**. Ein må vita kva ein diagnose inneber, og korleis ein skal tilrettelegge for eleven. Fleire av lærarane framhevar og nettopp det.

Ein lærar set og fokus på at det ikkje er naudsynt at han veit absolutt alt. Læraren treng å vita noko om ei tilrettelegging, men det treng ikkje å tyda at han skal vita alle detaljar. Som ein lærar seier: **«Men eleven må selv velge hva han velger å formidle. Det er ikke nødvendig at jeg får masse ekspertuttalelser på tinge eleven kanskje ikke synes det er nødvendig å formidle. Kanskje ting han er flau over, eller ikke har et avklart forhold til selv. Kan være private ting og sånn.»**

Det er og positivt at fire av dei ti lærarane uoppfordra framhevar at det er viktig å leggja vekt på elevane sine styrkar. Ein lærar seier at **«Når vi skal tilrettelegge må vi utnytte styrkene»**. Dette kan vera viktig fordi det kan gje ei kjensle av meistring og dermed motivasjon til å arbeida meir med det ein ikkje er så flink til. Motivasjon kan og vera ein viktig faktor for å halda eleven på skulen⁴, slik at han ikkje fell frå i utdanningsforløpet.

UNNGÅ MANGE LEDD I INFORMASJONSOVERFØRING

Tre lærarar framhevar at det er uheldig dersom informasjonen går gjennom fleire ledd. Læraren vil heller møta eleven og eleven sine foreldre enn at informasjon går frå rådgjevar på ungdomsskulen, til rådgjevar på vidaregåande og så til kontaktlærar. Då er det lett at noko blir endra undervegs og farga av mottakaren si tolking, samt at viktig informasjon kan forsvinna i prosessen. **«Dersom en i ledelsen skulle ha gitt den nye læreren informasjon, da ville det blitt via meg som tredjeperson, og det er da alltid en fare for at viktig informasjon glipper. Det kan bli tolket feil hos den tredje. Minst mulig ledd. Det er viktig. Det kan du understreke.»**

⁴ Utdanningsforbundet ved Skulberg, H. & Moen Sund A. K. (Rapport 1/2009) *Frafall fra fagopplæring – Slik yrkesfaglærere ser det*. Utgjevar: Utdanningsforbundet. (Kan lastast ned på www.utdanningsforbundet.no)

Fleire av lærarane fortel at det er ei rutine på at det er kontaktlærar som informerer andre faglærar om tilretteleggingsbehova. Då har informasjonen allereie gått gjennom fleire ledd, og det kan vera ein sjanse for at noko er gått tapt undervegs. Ein skule har møter i forkant av skulestart der eleven kjem og møter alle lærarar han skal ha, nettopp fordi dei er medvitne på at alle skal få same informasjon straks. Læraren her seier at: **«Alle lærerne skal få den samme informasjonen. Hvis ikke blir det alltid noen som glemmer eller informasjonen blir endret underveis. Mottatt budskap er ikke det samme som avgitt budskap»**

TID BRUKT TIL BYRÅKRATI

Nokre gonger kan det lata til at dokumenta blir meir til for dokumentas skuld, og for å innfri krav, heller enn å ha ein faktisk nytteverdi. Ein lærar fortel dette om dei jamlege IOPane (individuelle opplæringsplanar) han må evaluera: **«Man kan godt bruke en IOP. Og da mener jeg bruke den ordentlig. (...) Problemet er at slike konkrete IOPer har en tendens til å bli veldig korte. Og korte planer og rapporter ser ikke så veldig bra ut. For de er ikke så lange. Og lange rapporter har, av en eller annen årsak, ord på seg for å være bedre enn korte.»**

Fleire lærarar skildrar og at det er svært mange møter dei skal gå på. Nokre gonger går dei og parallelt, så det er vanskeleg å delta. Ein lærar seier at han saknar fokus i møta. Han er jamleg i ansvargruppemøte, men opplever det ikkje alltid som spesielt nyttig. Han skildrar at det ofte vil vera ein ny person til stades som skal settast inn i saka. Foreldre må då gjerne gjenta ei historie dei har fortalt mange gonger før. Det siste kvarteret, seier læraren, må gå med til å finna eit nytt møtetidspunkt der alle kan møtast. Han saknar at dei tek opp ting ordentleg. At dei ikkje berre er samde om at «Det er viktig at eleven...», men at ein må snakka om korleis ein skal få til det som er viktig for eleven. Han ønskjer at fagpersonar som er til stades bidreg med noko han kan bruka praktisk i tilrettelegginga.

Eit problem med alle møta og rapportane er sjølv sagt og det faktum at tid brukt på byråkrati og det å innfri formelle krav stel tid frå arbeidsdagen. **«Så brukar man av den tiden man skulle ha brukt på eleven, til å slite seg gjennom å få laget denne IOPen. Som man i praksis som lærer ikke bruker. Som man kanskje til og med må skrive på nytt igjen, fordi en eller annen person som skal godta den ikke godtar den.»** Det går altså med mykje tid til oppgåver som ikkje er ein del av kjerneoppgåvene i det å vera lærar. Desse utsegnene er og i tråd med tidlegare forskning som har sett på lærarane sin bruk av tid⁵.

KOMMUNIKASJONSPROBLEM MELLOM PPT, HELSETENESTE OG SKULE

Ein lærar framhevar at det slett ikkje er alltid PPT-rapportar er skrive i ein terminologi som er like kjend for alle lærarar. Han skildra dette slik: **«Nå er jeg heldig og har mye erfaring. Så jeg kan avkode rapporter. Men det er mange lærere som ikke kan det. For det står på et helt annet språk. Så hva betyr det egentlig?»**

Ein lærar peikar og på det faktum at ikkje all tilrettelegging som blir tilrådd opplevast like gjennomførleg i praksis. Eit døme på dette er: **«Det har til og med stått i en PPT-rapport at eleven trenger å legge seg ned for å hvile. Og det er vanskelig å få til da. Jeg skjønner jo at det er viktig. Men hvis du tenker at de skal videre ut i arbeidslivet så er det vanskelig å få til da.»** Her ser ein at skepsis ikkje nødvendigvis dreiar seg om ein

motvilje til det å tilretteleggje, men det kan og handla om at lærar vurderer korleis denne tilrettelegginga kan fungera i ein seinare arbeidssituasjon.

Ein annan lærar seier òg han opplever at legar, og til ein viss grad PPT, gjev retningslinjer som er vanskelege å gjennomføra. Han meiner at dei som utarbeidar tilrettelegginga lett gløymer at det òg er 29 andre elevar i klasserommet som ein må ta seg av, og at det dermed kan vera vanskeleg å gje ein person den oppfølginga ein blir oppmoda om. Ein lærar seier det hender det kjem legeuttalingar, men då meiner han ofte dei ikkje greier å sjå heilskapssituasjonen hans som lærar. **«Det er jo ikke noe samarbeid da. Leger har en tendens til å si 'det er sånn og jeg har rett', og så bør det bli sånn.»** Det kan altså sjå ut til at retningslinjene som blir utarbeidde for tilrettelegging ikkje alltid kan levast opp til i den faktiske skulekvardagen, slik lærarane ser det.

Ein lærar, med erfaring som rådgjevar, meiner yrkesfaga kanskje er spesielt utsett for kommunikasjonsvanskar. Denne læraren meiner dei som utarbeidar rapportar om korleis tilrettelegging skal skje, ikkje klarar å sjå for seg korleis undervisningssituasjonen faktisk er på yrkesfag. Tilrettelegging kan då bli vanskeleg å utarbeida. Dette er uheldig, då me veit at det nettopp på yrkesfag tilretteleggingsbehova gjerne er størst⁶. I tillegg er det på yrkesfag det er mest fråfall⁷. Oppsummert kan ein seia at det er kommunikasjonsvanskar på fleire måtar. Det er stundom vanskar på grunn av fagterminologi. Andre gonger opplever lærarane at tilrettelegginga dei er oppmoda om ikkje er gjennomførleg i praksis. Slike faktorar kan vanskeleggjera tilrettelegginga for eleven.

INFORMASJON OM TILRETTELEGGINGSBEHOV SOM IKKJE STEMMER

Det er ikkje alltid informasjonen ein får om tilrettelegging stemmer. Fleire av lærarane påpeikar at det ikkje alltid er ein logikk i kven som kjem til skulen med ein søknad på særskilt grunnlag og krav på spesielt tilpassa opplæring (IOP). Nokon er søkt inn på spesielt grunnlag utan at dette var naudsynt, medan andre treng spesiell tilrettelegging utan at dette er kjent før eleven har starta ved skulen. Fleire av lærarane uttalar at dei opplever systemet slik. Som ein lærar seier: **«Det er jo alltid noen som ikke følte behov for at søknaden deres skulle bli behandlet på særskilt grunnlag, og så har de behov for tilrettelegging li-kevel.»** Det gjer at ein ved skulestart må sjå litt an kva som trengst. Det kan henda ein elev som skulle ha spesielt tilpassa opplæring klarar seg utmerka med den vanlege læreplanen. Ein lærar skildrar at han opplever dette ofte. Denne læraren meiner foreldre stundom har pressa fram krav om tilrettelagt undervisning og IOP på ungdomsskulen, for å leggja til rette for at elevane får mest mogeleg poeng og kan koma inn på vidaregåande skule der dei vil.

Læraren opplever at dette kan skapa forvikling ved samansetjing av klassar, fordi ein ikkje kan stola på informasjonen ein får i forkant. Då kan ein ikkje tenkja på tilretteleggingsbehov i klassedelinga, fordi ein ikkje kan ta for gitt at denne informasjonen stemmer. I tillegg kan det leia til at ein har brukt tid på å bu seg til noko utan at ein hadde trengt det, medan ein er ubudd på noko ein gjerne kunne tenkt seg å vera budd til. Heile tre av ti lærarar framhevar at elevane ofte fungerer betre enn det rapportane tilseier. Det er og fire som seier at det motsette stundom skjer. Nokre gonger er det og diverre slik at dette blir oppdaga ei stund ut i skuleåret. Det kan då ta tid å skaffa naudsynt dokumentasjon, og tilrettelegginga må kanskje setjast på vent. Verdifull læringstid kan då gå tapt for eleven.

⁵ Utdanningsforbundet ved Skulberg, H. & Moen Sund A. K. (Rapport 1/2009) *Frafall fra fagopplæring – Slik yrkesfaglærere ser det*. Utgjevar: Utdanningsforbundet. (Kan lastast ned på www.utdanningsforbundet.no)

⁶ Utdanningsforbundet ved Skulberg, H. & Moen Sund A. K. (Rapport 1/2009) *Frafall fra fagopplæring – Slik yrkesfaglærere ser det*. Utgjevar: Utdanningsforbundet. (Kan lastast ned på www.utdanningsforbundet.no)

⁷ Markussen, E. (red.) (2010). *Frafall i utdanning for 16-20 åringer i Norden*. København: Nordisk Ministerråd.

Lærarane sine haldningar

LÆRARAR ØNSKJER INFORMASJON OM TILRETTELEGGINGSBEHOV

Det store fleirtalet av lærarar (9 av 10) seier dei ønskjer seg mest mogeleg informasjon om eleven, for å kunna tilrettelegge på ein god måte. Nokre av lærarane legg og vekt på at dei vil ha informasjonen tidleg, og enkelte meiner ein burde ha bestemt eleven sin kontaktlærar før sommaren, fordi dette ville ha gjeve nokon eit ansvar tidleg i prosessen.

Berre ein lærar seier han i mindre grad vil ha informasjon. Han meiner informasjon kan bli ei førehandsdømming av eleven, og at det kan fungera som ein sjølvoppfyllande profeti. Han meiner elevlar, og då med fokus på dei med lærevanskar, kan endra seg i positiv retning dersom ein gjev dei ein sjanse til det. Han seier at: **«Det er veldig mange elever som spiller en rolle de har fått tildelt gjennom å ha fått en del stempel i panna, og fått mye diagnoser og vært ofte inne på rådgivers kontor og støttefunksjoners kontor. Da blir de jo slik da. Da spiller de rollen som den som er litt odd, da. Og hvis du slipper å bli stigmatisert første dag, og få lov til å opptre på en annen måte. Så er min erfaring at mange elever greier det veldig bra. Du har kanskje ikke så store lese-skrivevansker som du har trodd, for hvis du har definert det er jo det det samme som at du skal sitte med beina på bordet og leke på PC og holde på med noe annet.»**

I tillegg ser han på det faktum at dei ikkje har tiltak for å tilrettelegge, og då vil han heller unngå å vita. Som han sjølv seier det: **«Så kan det også være ting som systemet ikkje har snappet opp, som kunne være nyttig når det gjaldt tilrettelegging. Men siden vi har begrensede muligheter når det gjelder tilrettelegging så graver ikke jeg så mye i elevenes bakgrunn.»**

Ein annan lærar skildrar det synet som dei fleste lærarane gav uttrykk for i intervjuet, nemleg eit ønske om å vita mest mogeleg. Han uttrykkjer at: **«Jeg ser poenget med å møte et menneske uten et farget syn, men likevel, som lærere, pedagoger, rådgivere og profesjonelle - så skal vi møte eleven uten et farget syn. Og i den grad vi har det, så skal vi legge det bort. Informasjon er veldig viktig for å kunne gjøre det beste for eleven.»**

Oppsummert kan det seiast at intervjuet tydeleg viser at lærarar ønskjer seg mykje informasjon om tilrettelegging elevene treng. Nokre uttrykkjer òg at dei aktivt går inn for å få denne informasjonen dersom dei opplever at den manglar.

HALDNING TIL ELEVAR MED FYSISK FUNKSJONSHEMNING

Mange av intervjuet har vore fokusert rundt lære- og åtferdsvanskar, og i mindre grad på fysiske funksjonshemmingar. Dette fokuset har kome fordi det er lærarane gjerne har fokusert på tilrettelegging innan det pedagogiske spekteret. Elevar med fysisk funksjonshemming blir omtala, men mange av lærarane uttrykkjer at til dømes elevlar i rullestol ikkje har trengt noko særleg tilrettelegging. Dette kan vera ein grunn til at lærarane ikkje alltid har så mykje å fortelja rundt dette. Ein lærar seier at: **«Jeg har hatt noen rullestolbrukere. Og det går ikke mange dagene før du venner deg til at det er ikke noe spesielt med dem.»**

Ein annan skildrar at **«Hun er normal på alle måter, det er bare det at hun sitter i rullestol.»** Desse sitata vitnar om ei positiv haldning til fysiske funksjonshemmingar. Denne elev-

gruppa verkar nærast å bli sett på som ein del av normalen. Ein lærar framhevar og at han opplever at utdanningsvala mange av elevane med ei fysisk funksjonshemming tek, er meir medvitne enn val andre elevlar tek: **«Når ungdommer velger et yrkesvalg. Og hvis man da har en funksjonshemming. Så vet man jo sine begrensninger. Så velger de linjevalg ut fra hva de kan mestre. (...) Det er verre med de som er funksjonsfriske, men ikke vet hva de vil. De sluntrer unna. Men de som har en funksjonshemming og velger elektro, de er mer bevisst sine valg enn ikke-funksjonshemmede faktisk. Det er mindre problemer med de som har funksjonshemminger.»**

Dette kan tyda på at mange med fysiske funksjonshemmingar klarar seg godt og opplever å ikkje trengje så mykje på tilretteleggingsfronten. Imidlertid er det verdt å spørja seg om det er slik at når ein ikkje har nokre vanskar på det læremessige planet og kan søka seg inn på vanleg opptak framfor særskilt grunnlag, så blir ein i mindre grad tenkt på. Det kan vera at det er enkelte behov som blir gløymt i denne samanhengen. Eit sitat kan illustrera dette: **«Jeg har sagt fra til pedagogisk ledelse at i tilfelle brann, så har ikke han lov til å bruke heis. Hva skal vi gjøre da? Så får jeg til svar fra lederen at det er mitt ansvar å få han ut. Men jeg har jo ikke klassen i alle timer, jeg er ikke her i alle. Så.. jeg mener at om vi tar inn en som sitter i rullestol, så må vi ha en strategi på det. Hvem har ansvaret for det. (...) Vi kan jo ikke si på den ene siden: Åh, dette er så viktig, vi må ha brannalarmsrutiner og vi må ha brannøvelser flere ganger i året og så bare glemme noen som har behov for hjelp i den sammenhengen.»**

Her ser ein at skulen har ein elev i rullestol, men ikkje har nokon plan for korleis ein skal få ut denne eleven ved brann. Dette er og ein del av tilrettelegging, og slike delar kan kanskje lett bli gløymt. Dette utsagnet kan tyda på det.

Med ei fysisk funksjonshemming blir ein kanskje veldig synleg i miljøet, men kanskje er det likevel slik at mange av desse elevane klarar seg så bra at dei likevel blir litt usynlege.

HALDNINGAR TIL ELEVAR MED EI USYNLEG FUNKSJONSHEMNING

Enkelte utsegner kan tyda på at det stundom er andre haldningar til eleven dersom ein ikkje kan sjå at noko «feilar» personen. Ein lærar seier om dette at: **«Jeg vet at når en elev som har det er syk, da er han syk. Men det å informere de andre lærerne ved skolen om diagnose og alvorlighetsgrad av sykdommen er ikke alltid like lett. Men kan ikke innhente en sykmelding fra en overlege ved Ullevål sykehus hver bidige gang eleven er borte. Det er helt umulig. En for eksempel, som har utrolig kraftig migrene, da blir det mye fravær. Og da blir det feil at mor må sørge for en legeattest fra legen en gang i uka. Hele året gjennom. Det går ikke an. (...) Det er mye flinke lærere, men mange dårlige holdninger som henger igjen. (...) Å få en lærer til å skjønne at det er ingen her i livet som velger å komme for sent. Det er ingen som sier »jeg vil bli schizofren.(...) Det er ikke noe man ønsker. Men det sitter litt inne.»**

Det er viktig å merka seg her at det ikkje er sannsynleg at ein lærar med ei negativ haldning til funksjonshemma ville ha meldt seg til dette intervjuet. Det er dermed å venta at haldningane ein finn er i stor grad positive. Imidlertid er det kanskje nettopp derfor viktig å merka seg haldningar hjå andre som lærarane i intervjuet fortel om. Det kan seia noko om haldningar som eksisterer på skulane, men ikkje viser seg hjå lærarane som har blitt intervjuet.

Tilrettelegging i praksis

TILRETTELEGGE FOR - IKKJE DEGGE FOR!

Nokre elevar kan ha tilretteleggingsbehov som inneber at dei stundom ikkje vil klara å innfri alle krav som bli stilt i skulekvardagen. Til dømes når det gjeld lekser eller ein innleveringsfrist. Ein balanse her blir viktig. Ein må tilrettelegge, men samstundes faktisk ha ambisjonar på vegne av eleven. Alle elevar har rett til å bli likt handsama, og i dette kan det og seiast at det ligg ein rett til å bli stilt krav til. Ein lærar er ganske medviten på dette. Han uttrykkjer at det er: **«Veldig lett å være ettergivende hvis man ser at noen har et handikap»**, og skildrar så ei historie om ein elev med eit fysisk handikap som har hatt ei positiv utvikling gjennom å bli stilt krav til. **«Jeg tror kanskje at på grunn av det fysiske handikappet så har skolen latt være å stille krav til ham. Jeg vet ikke noe spesielt om bakgrunn, men det kan hende det er noe i bakgrunnen som gjør at «åh, det er så synd på ham.» Så vi kan ikke stille krav til ham. Han har blitt vant til å manipulere omgivelsene sine. Men liker egentlig å bli møtt med motstand. Han trenger det. (...) Han må behandles som de andre og bli stilt ovenfor de samme kravene. Nå er gutten så blid som bare det. (...) Jeg tror nok kanskje han kommer til å utvikle seg i en veldig positiv retning.»**


Samstundes må ein òg sjå an i kva situasjonar krav bør endrast for å tilpasse dei til eleven sine tilretteleggingsbehov. Ein lærar framhevar at mange flinke jenter med dysleksi slit seg ut med leksene, dei skal derfor som lærarar godta at ikkje alt er gjort i rett tid. Den same læraren snakkar og om ein elev som er dårleg til beins og ikkje skal få forseintkoming når han kjem seint inn i klasserommet. Her ser ein at det heile tida må gjerast skjønnsmessige vurderingar av den enkelte lærar. Slik sett kan kanskje delar av tilrettelegginga bli noko personavhengig, og ikkje minst avhengig av god dialog og tillit mellom elev og lærar.

STORE KLASSAR KAN GJERA TILRETTELEGGINGA VANSKELEG

Tal på elevar i kvar klasse er eit tema fleire av lærarane er inno. Det er ei sak som opptek mange, då talet på elevar i kvar klasse vil avgjera kor mykje tid ein har med kvar enkelt elev. Eit aspekt som gjerne styrer klassestorleik er at pengetildelingane ein får er avhengige av elevtal. For å få mest mogeleg pengar må ein laga store klassar, og dette kan få konsekvensar for tilrettelegginga. Som ein lærar skildrar det: **«I det siste tar vi inn 35 i hver klasse, i tilfelle noen slutter. Men så er det ingen som slutter. Og da er det ikke så forbaska lett å tilpasse så veldig. Må jo si det.»**

Ein tek og inn for mange i klassar for å ta høgde for eventuelt fråfall. Dette kan og koma i konflikt med tilrettelegging. Ein lærar kjem inn på dette når han snakkar om tankar han har rundt det å få ein elev i rullestol ut dersom det skulle bli brann: **«Hvorfor skal vi ha klasserom i 3. etasje når vi hadde løst alle problemer ved å ha det i 1.etasje? Vi kunne hatt klasserom ganske nær utgangen. Men da får vi ikke inn 36 elever, og det er så viktig å tjene penger. Vi må ha inn inntekt på 36 elever. (...) Og derfor blir han satt inn i et klasserom der vi var 33 elever 1. skoledag. Han burde vært i 1. etasje. Men da hadde vi bare fått inn 25 elever. Og da hadde vi ikke tjent nok penger.»**

Det kan altså bli ein ond sirkel der ein må ta inn mange elevar for å få pengar og i tilfelle nokon fell frå. Samstundes kan eit stort elevtal i klassa gjera at kåra blir dårlegare for dei som er der, fordi det blir mindre tid til kvar elev.



God tilrettelegging i praksis

ØNSKET OM IKKJE Å SKILJA SEG UT

Fleire lærarar framhevar at elevane er opptekne av å vera normale. Dei er i ein alder der dei ikkje ønskjer å vera annleis eller å skilja seg ut. Dette kan gjera at dei nokre gonger ikkje uttrykkjer tilretteleggingsbehova dei har. Ein lærar fortel om ein elev med dysleksi som ikkje ville ha lesen opp ei oppgåve på ein prøve, sjølv om dette var noko ho hadde krav på i si tilrettelegging. Ein rådgjevar fortalde om ein elev som gjekk trapper, sjølv om dette gjorde han svært sliten. Når ein les desse døma, kan ein spørja seg om fleire elevar vegrar seg for å ta i mot noko dei treng, fordi det vil gjera at dei skil seg ut. Det at dei let vera å bruka krava dei har på tilrettelegging, kan gjera at dei får det hardare i sin skulekvardag enn dei hadde trengt, eller i verste fall at dei presterar dårlegare.

Ein skule løyser problemet med å skilja seg ut ved at dei gjev delar av tilrettelegginga til alle, og har det som si linje så sant det let seg gjera. Sitatet under kan visa eit praktisk døme på dette: **«Du gir ikke den tilrettelegginga med at alt er skriftlig bare til ham som er dövstum. Den gir du til alle. Så han blir ikke spesiell. Sånn gjør vi det i denne klassen. At alle får samme informasjon på samme måte og til samme tid. Vi skiller dem ikke ut.»**

Dette kan ha to føremoner. For det fyrste skil eleven seg då mindre ut, nok som er i tråd med ønske om å ikkje stikka seg ut. I tillegg kan ein sjå for seg at det då er lettare for læraren å hugsa på tilrettelegginga, sidan det er ei klasserutine heller enn ei særordning som gjeld ein elev.

LÆRAR SOM INFORMASJONSKJELDE FOR ELEVEN

Det er eit intervju blant dei ti intervju som skil seg noko frå dei andre. Intervjuet kan tyda på at denne skulen har meir erfaring med ulike funksjonshemmingar, og døme herfrå kan dermed gje nokre illustrasjonar på god tilrettelegging.

Læraren i dette intervjuet var den einaste som uttrykte at han tilbydde tilrettelegging som eleven ikkje sjølv hadde tenkt på. Mange døve elevar har gjennom grunnskulen sete fremst i klasserommet. Denne skulen oppmodar dei om å sitja bakerst i staden. Bakerst kan dei framleis sjå tolken, men då ser dei i tillegg alle dei andre i rommet, og kan få med seg mykje av det som skjer i klassa. Fremst høyrer ein ikkje kva som skjer bak ein, og har mykje mindre oversikt. Her ser me altså at læraren blir ei kjelde til informasjon om tilrettelegging for eleven. Dette kan skapa tillit hjå eleven, og ikkje minst kan det verka tryggande og motiverande for eleven før skulestart.

FYSISK TILRETTELEGGING ER IKKJE DET SAME SOM PRAKTISK TILRETTELEGGING

På spørsmål om kva skulane gjer generelt for tilrettelegging, fortel fleire at bygget er fysisk tilpassa til rørslehemma med til dømes heis og handikaptalett. Igjen skil læraren over seg ut ved å fortelja om den fysiske tilrettelegginga på eit litt anna nivå. Han skildrar at dei har heis, og lokale som ein rullestol kan koma fram i, men han strekkjer sine forklaringar om fysisk tilrettelegging eit hakk lenger enn dette. Denne læraren seier at personar som treng å bruka

heis får nøkkel til heisen og kan ta med seg vener dei går saman med inn i heisen når dei brukar den. Han skildrar og at elevar med rørslehemming kan koma og sjå på bygget i forkant. Det er då ikkje berre for å sjå at dei kjem fram overalt, men og for å finna ut kva vegar ein skal gå slik at ein er litt kjent med dette på førehand: **«Han kommer noen dager før og blir kjent med skolen, slik at han vet nøyaktig hvor han skal. Hvor han skal komme fram med rullestolen. For når det er 260 elever i dette bygget, og du triller feil. Da er det ikke så lett å få 100 stykker til å bare... : «Kan du ikke flytte deg litt da?» Så de vet nøyaktig veiene de skal bruke.»** Utsegna frå denne læraren vitnar om ein erfaren skule som veit kva som er viktig å tenkja på.

Det er og to andre døme som vitnar om skular som tenkjer på meir enn det faktum at eit rom til dømes er rullestoltilgjengeleg. Dei tenkjer og på om rommet er praktisk for denne personen, og dei gjer det før skulestart. Ein lærar skildrar at dersom ein elev har forflytningsvanskar blir klasserommet til denne eleven lagt til ein stad der han ikkje må gå meir enn naudsynt, og ein legg vekt på å ha mykje undervisning i same rommet. På ein anna skule er det og naudsynt å ha klasserom ein spesiell stad på grunn av tilretteleggingsbehov. Læraren uttrykkjer at: **«Klasserommet mitt er lengst vekk fra motoren på ventilasjonssystemet. For den skaper during og susing. Det er roligere i det rommet. Om de kommer inn i rommene nord i bygget, så støyer det i høyreapparatet. Det vet vi.»** Desse to døma vitnar om skular som er medvitne på eleven sine faktiske behov før skulestart. Dette vitnar om informasjonsflyt som fungerer, og som fører til at informasjonen blir sett ut i god praksis!



Oppsummering

«Det er gøy å jobbe i skolene. Det er gøy å jobbe med elevene. Men systemene er ofte forferdelig slitsomme da». Dette sitatet frå ein lærar kan eigentleg oppsummera intervjuet i ei setning. Sitatet oppsummerer inntrykket ein sit att med etter dei ti intervjuet.

Det er vanskeleg å dra bastante konklusjonar tufta på eit såpass kort prosjekt, men det er grunn til å stilla ein del spørsmål rundt temaet. Og til slutt koma med nokre tilrådingar frå Unge funksjonshemmede på bakgrunn av arbeidet med rapporten.

ER DET TILRETTELAGT FOR Å TILRETTELEGGE?

Skal ressurssterke foreldre avgjera om ein får tilrettelegging på vidaregåande?

Føresette ser ut til å ha ei sentral rolle når det gjeld informasjon om tilretteleggingsbehov og diagnose, og samarbeid med føresette blir framheva som avgjerande i tilrettelegginga. Dette kan vera uheldig, då det vil innebera at ressursar på heimebana kan vera avgjerande for kor god tilrettelegging faktisk blir.

Er det uavgrensa kor mange elevar ein rådgjevar kan gjera ein god jobb for? Rådgjevar er ei viktig informasjonskjelde og ein sentral støttespelar for lærarar når det gjeld tilrettelegging. Mange av lærarane me intervjuet uttrykkjer imidlertid at rådgjevarane har stor arbeidsbelastning. Kvar rådgjevar har gjerne ansvar for mange elevar og det er mykje å rekka over på lite tid.

Kan ein stola på informasjon ein får som lærar? Trass informasjonsrutinar og møter er det ikkje slik at ein alltid sit med rett informasjon når skuleåret startar. Det viser seg jamleg at elevar treng meir tilrettelegging enn det vart opplyst om på førehand. Fleire meiner og at mange elevar treng mykje mindre tilrettelegging enn det vart opplyst om på førehand. Dette gjer at lærarar uansett må vurdere tilretteleggingsbehov på ny når eleven startar ved ny skule.

Har ein tid til å tilrettelegge? Mykje av læraren si tid går med til møter og rapportar for å innfri formelle krav som er pålagt dei, utan at dei nødvendigvis ser på det som spesielt nyttig. Dette vil innebera at mykje av ein lærar sin kvardag går med til byråkrati. Dette kan gå utover tida dei har med elevane og ressursane dei har til å faktisk innhenta informasjon og driva med tilrettelegging for elevar.

Kommuniserer dei ulike instansane med kvarandre? PPT brukar stundom eit språk ikkje alle lærarar er kjende med, og det kan bli skissert retningslinjer for tilrettelegging som lærarar ikkje opplever som gjennomførlege i praksis. Det er i liten grad utbreidd kommunikasjon mellom helsesektor og skule, i den grad at lærar kontaktar helsepersonell dersom dei lurar på noko rundt ein elev sine behov.

Kan ein elev med funksjonshemming gli inn i mengda? Fleire lærarar framhevar at elevane er opptekne av å vera «normale» og ikkje vil skilja seg ut. Lærarar kjem og med døme på at elevar har krav på tilrettelegging, men ikkje ønskjer denne. Kanskje fordi det vil gjera

at dei skil seg ut. Når det å vera som andre opplevst som så viktig, kan ein spørja seg om det bør vera eit prinsipp som seier at tilrettelegginga bør prøva å ivareta dette behovet så sant det er mogeleg.

Kan ein tilrettelegge innanfor det regelverket som er? Fleire av lærarane me intervjuet meiner det hadde vore enklare å tilrettelegge med mindre klassar. Det er eit tankekors at eit mål er at alle skal fullføra ei vidaregåande opplæring, men at ressursane kanskje ikkje er tilrettelagt slik at dette er mogeleg.

UNGE FUNKSJONSHEMMEDE TILRÅR:

TILRÅDINGAR PÅ BAKGRUNN AV RAPPORTEN


Rådgjevar som tilretteleggingskoordinator. Det bør sikrast ressursar til at rådgjevar kan setja seg inn i rettar og mogelegheiter den enkelte elev har, samt syte for at tilrettelegging blir implementert og fylgt opp. Dette kan sikrast gjennom ei auking av midlar til rådgjevarstillingar, som kan sikre meir tid til oppfølging av tilrettelegging. I tillegg tilrår Unge funksjonshemmede at alle rådgjevarar må få tilstrekkeleg utdanning til å handtere dei ulike problemstillingane dei møter.

Rådgjevar treng meir tid til kvar elev. Lærarane skildrar at kvar rådgjevar har ansvar for mange elevar, og at det blir lite tid til kvar enkelt elev. Det bør vera retningslinjer på kor mykje tid rådgjevar skal ha på ein elev, slik at det blir betre tid til å ivareta tilretteleggingsbehova.

Rapportering av tilrettelegging. Rådgjevar kan koma med forslag til tilrettelegging som skulen kan velja å avslå. Det er ikkje akseptabelt at skular kan avslå tilrettelegging som fagpersonar tilrår. Det tilrådest at skular, på linje med store arbeidsgjevarar, må rapportera kva dei gjer for tilrettelegging.

Koordinering mellom individuell plan og individuell opplæringsplan (IOP). Rapporten viser at det ikkje er stor grad av samarbeid mellom helsesektor og skulesektor på tilretteleggingsfeltet. Ein måte å sikre betre koordinering på er å krevja at IOP skal inngå i ein individuell plan dersom ein slik plan eksisterer. Då vil alle dei ulike aktørane samhandle for å sikre at den individuelle elev får god tilrettelegging.

Utreiing og tilrettelegging på yrkesfag. Rapporten viser at det er særskilde utfordringar i samband med å tilrettelegge på yrkesfag. Det manglar kompetanse på kva tiltak som bør setjast i verk. Unge funksjonshemmede meiner ein bør ha fortlaupande kartlegging på yrkesfag med målsetjing om å få på plass naudsynt tilrettelegging. På denne måten kan kompetanse og eventuelt utstyr bli direkte overført til ein lærlingplass. Vidare bør det vera ein garanti for at alle verksemder som tek inn lærlingar med behov for tilrettelegging, får dekkja alle kostnader i samband med dette.



Om Unge funksjonshemmede

Unge funksjonshemmede er et samarbeidsorgan for funksjonshemmedes ungdomsorganisasjoner i Norge. Organisasjonen ble stiftet i 1980 og har i dag 32 medlemsorganisasjoner. Til sammen har disse rundt 25 000 medlemmer.

Unge funksjonshemmedes formål er å sikre deltagelse og samfunnsmessig likestilling for ungdom med funksjonshemninger og kronisk sykdom.

KONTAKTINFORMASJON

post@ungefunksjonshemmede.no

Tlf: 815 56 425

Mariboegate 13, 0183 Oslo